



Ruth Marie Farnes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/8 - 20/2245

Saksbehandlar:

Kjell Langeland

kjell.langeland@modalen.kommune.no

Dato:

02.10.2020

Igangsettingsløyve nr 2 Fundamentering plassbygd betong råbygg med betongkonstruksjonar og stålsøyler.

Administrativt vedtak. Saknr: 025/2020

Tiltakshavar:

Modalen kommune

Ansvarleg søkjar:

HRTB

Søknadstype:

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av fundamentering plassbygd råbygg med betongkonstruksjonar og stålsøyler.

Det vert elles vist til søknad motteken 01.09.2020

VURDERING

Det er søkt om rammeløyve for nytt nørings og tenestesenter 18.08.2020.

Cowi As er engasjert for å utføre flom og skredfarevurdering av oppføring av nybygg. Denne rapporten er ikkje ferdig enno. På grunn av dette er ikkje rammeløyve handsama enno.

Cowi var på befaring 14.09.2020 og det er ikkje identifisert noko forhold som er til hinder for å gje igangsettingsløyve for grunnarbeid i dette prosjektet. Cowi har fortløpande dialog med entreprenør og informerer om funn som har innverknad på entreprenørens arbeid og prosjektet generelt omgåande. Eventuell tiltak i samband med dei ovafor nemde vurderingar vil kunna fortsatt implementerast på eit seinare tidspunkt i prosjektet når rapporten er ferdigstilt

Kommunen har i vedtak av 21.09.2020 gjeve igangsetjingsløyve for grunnarbeid og framføring av VA til nærings- og tenestesenter.

Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 [bokstav], jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av del av tiltaket dette gjeld fundamentering plasstøyppt betong råbygg med betongkonstruksjonar og stålsøyler på følgjande vilkår:

- Evetuelle tiltak som kjem fram i rapporten til COWI AS skal utførast.
- Faktisk plassering av tiltaket skal målast inn, og koordinatar sendast til kommunen.
- Løyve skal vera tilgjengelig på byggeplassen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Med helsing

Kjell Langeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Ruth Marie Farnes